



# DEN NORSKE KYRKJA

## Lindås kyrkjelege fellestråd

Bjergvin bispedømekontor

Strandgaten 198, Nordnes

5817 BERGEN

Knarvik, 5. november 2018

70/18 Justering av kyrkjeleg inndeling / soknegrenser i Lindås

### **Saka gjeld:**

Sokna Alversund, Seim og Lygra har søkt om å få slå seg saman til eitt nytt sokn med namnet Knarvik.

Sokna Lindås, Myking og Hundvin har søkt om å få slå seg saman til eitt nytt sokn med namnet Lindås.

I sitt møte 23. oktober 2018 har Lindås kyrkjelege fellestråd samrøystes fatta følgjande vedtak:

1. Lindås kyrkjelege fellestråd har tatt imot søknadar frå sokneråda i Alversund, Seim og Lygra sokn om å slå seg saman til eitt sokn med namnet Knarvik sokn.
  - a. Tidspunkt for samanslåing blir 1.11.2019
  - b. Soknerådet får 10 faste representantar i tillegg til sokneprest, og 5 vararepresentantar
2. Lindås kyrkjelege fellestråd har vidare tatt imot søknad frå Lindås, Myking og Hundvin sokn om å få slå seg saman til eitt sokn med namnet Lindås sokn.
  - a. Tidspunkt for samanslåing blir 1.11.2019
  - b. Soknerådet får 8 faste representantar i tillegg til sokneprest, og 5 vararepresentantar
3. På bakgrunn av tilsendt dokumentasjon godkjenner kyrkjeleg fellestråd sakshandsaminga i dei ulike råda, og tilrår samanslåinga for Bjergvin bispedømeråd som har formell mynde til endeleg godkjenning av endringar i den kyrkjelege inndelinga i Nordhordland prosti.

4. Saka vert å sende til Bjørgvin bispedøme med kopi til prosten i Nordhordland og til Lindås kommune.

### **Bakgrunn for samanslåinga:**

Lindås kommune har ca 15.800 innbyggjarar. Av desse er ca 12.700, eller rundt 80% medlemar i Den norske kyrkja. Fram til hausten 2015 var kyrkja i Lindås inndelt i 8 sokn (med 8 kyrkjer og eitt kapell i vanleg drift), men ved valet denne hausten vart det vedteke at sokna Ostereidet og Vike skulle slå seg saman til eitt sokn med namnet Osterfjorden.

Fram til 2004 omfatta den kyrkjelege inndelinga også omgrepet prestegjeld. Dette definerte arbeids- og ansvarsområdet som ein sokneprest hadde, og hadde sine røter attende til Svartedauden, då mangelen på prester vart akutt og kongen påla dei som var att å ta omsorg for fleire sokn.

I Lindås var det tre prestegjeld:

1. Alversund prestegjeld, som omfatta sokna Alversund, Seim og Lygra,
2. Lindås prestegjeld, som omfatta sokna Lindås, Myking og Hundvin (i tillegg til Austrheim og Fedje sokn som ikkje var del av Lindås kommune)
3. Ostereidet prestegjeld, som omfatta sokna Ostereidet og Vike (i tillegg til Modalen)

Desse tre prestegjelda hadde sine prestekontor, og etter kvart også sine stabar med organist, sekretær og andre stillingar t.d. til dåpsopplæring og diakoni, då desse ble introdusert mot slutten av 90-talet. Då prestegjeldsomgrepet vart tatt ut av prestane sine tenesteordningar i 2004 og lovteksten i 2011 fekk dette inga verknad for desse kontora.

Det vart starta eit arbeide i 2007 med målsetting å danne tre sokn i Lindås som dermed ville få kvart sitt kontor. Denne prosessen var nok motivert av motsvarande prosessar i m.a. Radøy og Fusa, og som nemnd blei resultatet hos oss at Ostereidet og Vike vart slått saman i 2015 etter ein valperiode med felles sokneråd. I 2015 var det også eit initiativ frå Lygra om samanslåing med Seim eller Alversund, men dette førte ikkje til noko.

I 2016 kom spørsmålet opp igjen i samanheng med at Lindås, Meland og Radøy kommunar vedtok å slå seg saman til ei kommune, og jfr kyrkjelova må då kyrkjeleg fellesråd i desse kommunane også slå seg saman. Så vel Meland som Radøy er eitt-sokns kommunar. Det vart raskt klart at den eksisterande inndelinga i Lindås ville føre til store utfordringar for det nye fellesrådet, og i 2017 starta arbeidet med å gjere seks sokn til to.

Dette utgangspunktet har ført med seg at arbeidet med å motivere til samanslåing har fått meir preg av «noko ein må gjere» enn «noko ein vil gjere». Når det er sagt har sokneråda gått inn i prosessen med mykje positive haldningar og god vilje.

## **1. Sakshandsaming i råda i Alversund, Seim og Lygra**

Alversund, Seim og Lygra sokneråd har hatt fleire møte der saka har vore drøfta. Førrebuande vedtak framfor soknemøta vart gjennomførte i oktober / november 2017. I desse møta vart også utnemnd to representantar frå kvart av råda som skulle gå inn i ei fellesnemnd for å førebu samanslåinga.

Denne fellesnemnda hadde møte 10. januar 2018. Her vart ulike sider ved samanslåinga drøfta, s.s:

- tidspunkt for samanslåinga,
- evt. mellombels felles sokneråd og etablering av kyrkjelydsutval,
- etablering av liste til felles sokneråd,
- økonomi i overgang til nytt råd,
- styrking av merkantile funksjonar i det ny rådet (sekretær og kasserar)
- namn på det nye soknet
- markering av milepæler for arbeidet,

Sokneråda gjennomførte soknemøter i perioden januar – mars 2018. Soknemøta ga inga negative innspel til prosessen, alle tre soknemøte hadde fleirtal for å gå vidare i prosessen og sokneråda fekk fullmakt til å arbeide vidare med sikte på samanslåing til eitt sokn.

Dei tre sokneråda gjennomførte møter i perioden februar til april 2018, der dei stadfesta sine vedtak om samanslåing. I desse møta fatta Alversund og Lygra vedtak om at namnet på det nye soknet skulle vere Knarvik.

## **2. Sakshandsaming i råda i Lindås, Myking og Hundvin**

Prosessene i Lindås, Myking og Hundvin har vore litt ulik den i dei andre tre sokna. Her vart representantane frå sokneråda inviterte til eit fellesmøte i byrjinga av september 2017 der dei fekk ei orientering om korleis prosessen i Radøy frå tre til eitt sokn hadde vore. Råda fekk også ein orientering om saksgangen.

I overgangen september - oktober 2017 fatta så dei tre sokneråda samrøystes vedtak om å slå sokna saman.

I overgangen februar - mars avvikla råda soknemøter, som all ga tilslutning til prosessen.

Sokneråda ga også mandat til ei fellesnemnd som fekk i oppdrag å formulere ein søknad til kyrkjeleg fellesråd. Fellesnemnda leverte sitt utkast den 21. august, og sokneråda fatta vedtak om å sende søknad på grunnlag av framlegget, og 11. oktober tok kyrkjeleg fellesråd mot felles søknad frå sokneråda om å slå saman Lindås, Myking og Hundvin sokn med namnet Lindås sokn.



### **3. Søknad frå Alversund, Seim og Lygra sokneråd om samanslåing**

Alversund, Seim og Lygra sokneråd har avvikla møter i september 2018 der dei tre råda har gjort (nokså) likelydande vedtak om samanslåing av dei tre sokna med følgjande underpunkt:

*(Alversund, Seim og Lygra) sokneråd går inn for at Alversund, Seim og Lygra sokneråd blir slått saman til eitt nytt sokneråd.*

- **Grunngjeving for ønsket om samanslåing:**

- a) I samband med at tre kyrkjelege fellestråd skal slå seg saman som følgje av kommunesamanslåing, har det kome signal om at om dagens tal på sokneråd skal vidareførast, vil det bli ei ujamn fordeling i Alver kyrkjelege fellestråd. I dag er det sju sokneråd i Lindås kyrkjelege fellestråd og eitt sokneråd i Radøy og eitt i Meland. For Alversund, Seim og Lygra sin del kan talet reduserast frå tre til eitt sokneråd. Sokneråda har vald å lytte til desse signala.
- b) Lygra sokneråd har over tid ønska å slå seg saman med eitt av nabosokna. Seinast var det ein prosess med å slå saman Lygra og Seim sokneråd, utan at det førte fram. Lygra sokneråd har vidare ikkje lukkast å få fylt plassane i soknerådet i inneverande soknerådsperiode.
- c) Det har modnast fram ei forståing av at eitt sokneråd for Alversund, Seim og Lygra kan ha si merksemd retta mot det som skjer i dei ulike kyrkjelydane sjølv om dei i storleik og aktivitetsnivå er svært ulike.
- d) Sokneråda har i dag mykje av si merksemd retta mot praktiske oppgåver i kyrkjelyden. Dette er oppgåver som eit kyrkjelydsutval kan ta seg av. Administrative oppgåver som kvar av dei tre sokneråda utfører i dag, kan det vere enklare at eitt råd utfører.

#### **1. Tidspunkt for samanslåing:**

1.1.2019 (Seim og Lygra sokneråd)

1.11.2019 (Alversund sokneråd)

#### **2. Namn på det nye soknet:**

Namnet på det nye soknet blir Knarvik sokn.

#### **3. Oppretting av eitt samanslått sokneråd og tre kyrkjelydsutval:**

(Alversund, Seim og Lygra) sokneråd søker om at det blir etablert eitt samanslått sokneråd, som består av deler av: Seim, Lygra, og Alversund sokneråd, frå 1.1.19.

Dei som får sete i samanslått sokneråd er:

- Frå Lygra sokneråd: 2 representantar
- Frå Seim sokneråd: 3 representantar
- Frå Alversund sokneråd: 5 representantar

Dei som får plass i samanslått sokneråd er dei som fekk flest stemmer ved førre soknerådsval. Noverande soknerådsmedlemmer som ikkje går inn i det samanslåtte soknerådet tek plass i kvar sine kyrkjelydsutval.

I kvart kyrkjelydsutval skal det sitje minimum éin lokal representant frå soknerådet.

#### **4. Fordeling av kandidatar på valliste til felles sokneråd**

Det nye soknerådet skal frå 1.11.19 ha 10 faste medlemmer og 5 varamedlem. På vallista til det nye Knarvik sokneråd skal det vere:

- 2 eller fleire kandidatar frå Lygra.
- 4 eller fleire kandidatar frå Seim.
- 6 eller fleire kandidatar frå Alversund.

#### **5. Økonomi**

Midlar som kvart sokneråd har til disposisjon ved samanslåing, skal reserverast til verksemd i det gamle soknet.

#### **6. Sekretær og kasserar i nytt sokneråd**

Sokneråda ber om at Lindås kyrkjelege fellesråd stiller ressursar til rådvelde for sekretær og kasserar når det samanslåtte soknerådet startar arbeidet sitt 1.1.19.

#### **7. Vidare saksgang**

Dette vedtaket vert sendt til Lindås kyrkjelege fellesråd.

## **Kyrkjeverja sine kommentarar til søknaden frå sokneråda i Alversund, Seim og Lygra sokn**

### **• Grunngeving for ønsket om samanslåing:**

Soknet er grunneining i den norske kyrkja. Soknerådet representerer soknet innanfor ein valperiode. Sokneråda sine søknader syner ei viss omgrepsforvirring om det er soknet eller soknerådet som skal slåast saman i denne runden. Dagens kyrkjelov gjer høve til begge deler; Ostereidet og Vike sokn hadde felles sokneråd i ein valperiode (4 år) før sokna vart slått saman ved valet i i 2015, jfr KL§5.

I denne saka er det heva over tvil at det er ønskje om å slå saman sokna. Ei slik samanslåing vil føre med seg at det nye soknet får eitt nytt sokneråd etter kyrkjevalet hausten 2019.

#### **a) Tidspunkt for samanslåing:**

- Om ein ser på punkt 3) i søknaden går det fram at ein tenkjer seg eit mellombels sokneråd med eige arbeidsutval som skal ha representantar frå alle tre sokneråda. Dette ønskjer ein å etablere frå 1. januar 2019, som er datoen for samanslåing som vedtaka frå Seim og Lygra sokneråd opererer med.
- Om ein ser på spørsmålet om å etablere nytt, felles sokn; så er dette diskutert i referatet frå den fellesnemnda som hadde sitt førebuande møte framfor soknemøta i starten av 2018. Her nyttast datoen 1. nov 2019. Dette er det tidspunktet det nye soknerådet må vere konstituert jfr «Regler om menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet» §1. Frå dette tidspunkt er soknets råd operativt, og kan fatte vedtak om soknerådet sitt budsjett for første driftsår og konstituering av rådet. Det er denne datoen Alversund sokneråd nytter i sitt vedtak. Lkf sitt AU legg opp til å godkjenne denne datoen ut frå ei forståing av at det var denne datoen som låg til grunn ved soknemøtet si handsaming av saka.
- Det kan også vere nyttig å hugse at i høve til administrative spørsmål som kyrkjeleg statistikk og rekneskap vil dagens tre sokn ha eit liv fram til 31.12.2019. Kyrkjerådet har i ei uttale sagt at det vil vere naturleg at det nye soknerådet tar ansvar for avviklinga av det gamle soknet i denne perioden.

#### **b) Namn på det nye soknet:**

Namnet på det nye soknet blir Knarvik sokn.

#### **c) Oppretting av eitt samanslått sokneråd og tre kyrkjelydsutval:**

Jfr. kyrkjelova §38 kan eit lovbestemt kyrkjeleg organ i praksis fatte dei vedtak dei vil, men det er viktig å vere merksam på at om dei tre sokneråda i Alversund, Seim og Lygra sokn gjer vedtak om å opprette eit felles sokneråd, så vil vedtak i dette rådet ikkje vere gyldige utan at dei vert stadfesta av dei råda som har oppretta det. I samband med samanslåing av fellesråd er dette løyst ved at ei fellesnemnd har fått fullmakt frå dei eksisterande råda til å fatte vedtak i konkrete saker. (Om ein skal opprette eit mellombels sokneråd som har vedtaksmynde, må dette godkjennast av Kyrkjerådet jfr. KL§5, og det vil ikkje skje så seint i valperioden.)

At ein har byrja ein diskusjon om korleis ein skal bemanne og organisere lokale kyrkjelydsutval er glimrande.



#### **d) Fordeling av kandidatar på valliste til felles sokneråd**

Det er positivt at ein gjer vedtak for å sikre representasjon frå ulike delar av det nye soknet på listene. Det vert også viktig at ein startar arbeidet med å finne kandidatar i kyrkjelydane til å stå på lista.

#### **e) Økonomi**

Det nye soknerådet må ha driftskapital når det skal tiltre. Midlar knytt til spesiell aktivitet kan derfor tilførast det nye soknerådets rekneskap som øyremerkte driftsfond, men det er viktig at midlar i dagens sokneråd ikkje vert unnateke det nye soknerådet ved at dei bli ståande på konti som dei lokale kyrkjelydsutvala skal disponere.

#### **f) Sekretær og kasserar i nytt sokneråd**

Alver kyrkjelege fellesnemnd er i prosess når det gjeld organisering og lokalisering, og også i prosess når det gjeld IKT-baserte merkantile løysingar. Sokna innanfor nye Alver kyrkjelege fellesråd vil bli omfatta av desse løysingane.

### **Søknad frå Lindås, Myking og Hundvin sokneråd om samanslåing**

*Lindås, Myking og Hundvin sokneråd søker herved om å slå saman våre 3 respektive sokn til eit sokn. Saka har vore tatt opp i både sokneråd og soknemøte, og vi står einstemmig saman om søknaden.*

- Søknaden om samanslåing kjem i samanheng med at dei 3 kommunane Lindås, Radøy og Meland slår seg saman til Alver kommune frå årsskiftet 2020. Pr i dag har Radøy og Meland 1 sokneråd kvar, medan Lindås har 7. Det kan då vere naturleg at også Lindås prøver å slå saman fleire sokn, sidan kvar sokneråd har eitt medlem kvar i fellesrådet. Dette ville gitt ei skeiv fordeling i det nye fellesrådet.
- Det har vore vesentlig for oss at ein samanslåing av sokna skal være eit gode for våre kyrkjelydar. Allereie har vi alt eitt felles kyrkjekontor på Lindås, bestående av prest, organist, kateket og kontorsekretær. Vi trur at ein samanslåing vil forenkle samhandlinga mellom sokna og staben, og løysa opp noko av den tida som no går til drift av 3 sokneråd.
- For å ivareta det lokale engasjementet og særpreget i kvar kyrkjelyd, ønskjer vi å byggje opp eigne kyrkjelydsutval. Dei novarande sokneråda får i oppgåve å utforma desse lokalt. Målet er at det nye soknerådet kan ta seg av dei «tyngre» administrative sakene, medan dei meir uformelle utvala kan fokusere på lokalt sokneliv og friviljug teneste.
- Vi ønskjer også at våre medlemmer skal oppleve eit sterkare fellesskap mellom kyrkjelydane. Noko samarbeid har vi allereie hatt i lang tid, til dømes felles kyrkjeblad sidan 1971, og felles kantori gjennom mange år. Vi har også prøvd å fremja dette på ulike gudstenester og arrangement.
- Eit felles sokneråd kan vera ein pådrivar for at våre medlemmer skal kunne nytte kvarandre sine kyrkjer, og at vi kan samarbeida og bruka kvarandre meir.

Vi foreslår følgjande for ei samanslåing av våre sokn:

a) Tidspunkt for samanslåing:

Formell samanslåing blir føreslått ved neste soknerådsperiode, som tar til 01.11.19.

b) Namn for nytt sokneråd:

Lindås sokneråd

c) Storleik på felles sokneråd:

Tilrår: 8 faste medlemmer + sokneprest.

Vallista bør setjast opp slik at alle dei noverande sokna vert representerte, men me forventar at dei valde medlemene vil arbeide for heile det nye sokneområdet.

d) Sekretær og kasserar i nytt soknet:

Sekretær og kasserar er oppgåver i sokneråda det har vore vanskelig å finne friviljuge til. Vi meiner at det i desse funksjonane hadde vore tenleg med særskilt kompetanse, og oppmodar at fellesrådet stiller til rådvelde tilstrekkelege ressursar til at dei kan bli ivaretekne av tilsette.

**Kyrkjeverja sine kommentarar til søknaden frå sokneråda i Lindås, Myking og Hundvin sokn:**

b) Namn for nytt sokneråd / sokn

Namnet på det nye soknet skal vere Lindås sokn.

I samband med samanslåing av kommunar og fellelråd (som også går føre seg for tida) har spørsmålet om Organisasjonsnummer kome opp. Det viser seg at registra i Brønnøysund godkjenner og langt på veg tilrår at dersom ei ny inndeling vert vidareført under namnet til ein av dei einingane som går saman med andre i denne prosessen, så blir også Organisasjonsnummeret for den eksisterande eininga nytta for den nye eininga. Dette vil seie at Knarvik sokn vil få nytt organisasjonsnummer, ettersom det ikkje eksisterer ei eining med dette namnet frå før, mens Lindås sokn held fram med eksisterande Organisasjonsnummer.

d) Storleik på nytt sokneråd

Det nye soknerådet for Lindås sokn får 8 medlemar + sokneprest og fem varamedlemar.

e) Sekretær og kasserar i det nye soknet

Kyrkjeverja viser til kommentar til sokneråda i Alversund, Seim og Lygra sokn

For Lindås kyrkjelege fellelråd

Torgeir Paulsen  
Kyrkjeverje i Lindås

---